

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	16.03.2026
Vår referanse	2025/44728-3
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Marlene Sørli
E-post	Marlene.Sorli@vlfk.no
Telefon	47750168

Fråsegn til søknad om vassuttak frå Histeinselva og Stølselva - Seljestad vassverk - Ullensvang kommune

Seksjon for naturressursar, landbruk og reiseliv – vassforvaltning syner til høyring av søknad om vassuttak frå Histeinselva til Seljestad vassverk i Ullensvang kommune, sendt frå Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE).

Stølselva er søkt om som hovudvasskjelde. Maksimalt midlare vassuttak etter prognosen i 2040 er 8 l/s i forbruk og 12 l/s uttak av råvatn inkl. vatn til reingjering av filter. Det er ikkje planlagt minstevassføring i Stølselva for å sikre tilstrekkeleg råvatn i kortare periodar med maksimalt vassforbruk vinterstid. Som følgje av dette kan ei strekke på 25 meter verte tørrlagd i periodar, inntil elva møter Histeinselva. Det er difor planlagt å lage til ein terskel som skal sørge for eit vasspegel.

Det er søkt om å ha Histeinselva som reservekjelde med maks uttak på 32 l/s. Her er det planlagt ei minstevassføring.

Stølselva (048-158-R) har moderat økologisk tilstand, og er ikkje klassifisert i kjemisk tilstand. Miljømåla er god økologisk og kjemisk tilstand. Histeinselva har moderat økologisk tilstand, og er ikkje klassifisert i kjemisk tilstand. Miljømåla er svært god i økologisk tilstand og god i kjemisk tilstand.

Tiltaket vil ha verknad på vassførekomstane med avløpsvatn frå membran for reinsing av drikkevannet og periodevis tørrlegging av elva nedanfor dammen i Stølselva. Det er viktig at det vert skissert avbøtande tiltak som hindrar svekking av økologisk tilstand og som bidreg til å nå dei juridisk bindande miljømåla.

Med helsing

Marlene Sørli
rådgjevar
NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:
ULLENSVANG KOMMUNE
Merete Farstad

Opheimsgata 31

5750

ODDA